



Ei av desse damene var med på Festidalen-turen til Nåso i fjor. Ho måtte tilbake.

Kvinnherad turlag har dei siste år arrangert fjellturar i samarbeid med Festidalen festivalhelga. I fjor var det ein vellukka tur i Ulvanåso trass i skodde på toppane, medan den planlagte turen til Skorpefjellet om søndagen måtte avlysast av vergrunnar. I år vert turen lagt til Englafjell, og den går laurdag 5.august.

«Festidalen er 'Fjell - Rock - Kjærleik' heiter det. Då kan ein ikkje seie seg nøgd med berre dei to siste. Bli med Kvinnherad Turlag til Englafjell og få sjå kva Uskedalen og Kvinnherad verkeleg har å by på! Me kan lova bratte oppoverbakkar, god stemning, gode historiar og ein formidabel utsikt (om været speler på lag med oss)», skriv arrangørane i Kvinnherad Turlag i invitasjonen.

Oppmøtet er ved Elins Matgleder laurdag 5.august kl.10.

«Herfrå går me bratt oppover gjennom tett granskog til me plutseleg kjem over tregrensa og kan nyte utsikt over heile Festidal-bygda. På Såto (652 m.o.h.) passer det fint med ein pust i bakken, før me fortset opp til Englafjell (1200 m.o.h.). Utsikten blir berre betre og betre jo høgare me kjem. Dette er ein tur det er verdt å få med seg. Me satsar på å vere nede igjen til Odd Nordstoga entrar scenen kl. 16.» skriv dei vidare i invitasjonen.

Turen er gratis for medlemmer i DNT og kostar 150 kr. for ikkje-medlemmer.

Turleiurar: Mari Teigen Varanes (tlf. 95275277) og Martha Sofie Teigen Varanes.

Påmelding skjer via heimesida til Kvinnherad Turlag. Det kan de gjera ved å klikka [HER](#).

At desse turane gjer at tilreisande oppdagar Kvinnheradsnaturen, fekk eg eit bevis på i vår. [Då treffe eg 4 Bergensdamer](#) like etter at dei var komne ned frå tur til Ulvanåso. Bakgrunnen var at ei av dei hadde vore med på turen under Festidalen i fjor. Alt då bestemte ho seg for at denne turen ville ho oppleve i klarver. Dermed tok ho med seg 3 venninner. Alle 4 var begeistra!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland